

Styremøte i Vats grendelag, torsdag 03/01– 19

Stad: Vindafjordhallen

Frammøtte: Monica, Tor Olav, Peder L, Peder S, Torunn og Christine.

Styret tok opp følgjande saker:

1. Samansetting av nytt styre:

Leiar: Tor Olav Gregersen

Nestleiar:

Sekretær: Monica Nesheim

Kasserar: Peder Stokka

Kontaktperson Vindafjordhallen: Torunn Blikra

Styremedlem: Christine Sandvik

Styremedlem: Peder Lærdal

Varamedlem: Per Sandvik

Varamedlem: Lars Johan Velde

2. Gjennomgang av årsmøtet og årsmelding:

Tor Olav har snakka med Arne Bergsvåg angåande sykkel og gangveg frå Knapphus til Kårhus, som meinte me burde søkje, men ikkje ha forhåpningar då dei rundt rekna hadde estimert dei 4 km til ein kostnad på 80 millionar.

3. Hovudfokus i år:

- Sikker skuleveg: grendelaget vil foreta ei ny telling av antall kjøretøy forbi skulen. Christine snakkar med kommunen.
- Knapphuskrysset: Her må noko bli gjort. Tor Olav prøver å få tak i historien og kva som allereie er gjort.
- Offentleg badeplass: Peder L snakkar med friluftsrådet Vest for tips og råd.
- Lys langs gangstien frå bedehuset til Aurdal: Tor Olav snakkar med Haugaland Kraft.
- Kan me laga til noko som gjer at bygda viser igjen for folk som køyrer forbi?

Neste styremøte i Vats grendelag blir torsdag 07/03 - 19 kl 19.00 på Vindafjordhallen.